



Saksnr. 19/56	Arkivkode FA - A10	Journalnr. 19/647	Sakshandsamar MBR	Dato 16.01.2019
------------------	-----------------------	----------------------	----------------------	--------------------

Opptak til barnehage i 2019

Søknad om plass ved barnehage i Gaular kommune skal sendast via Gaular kommune si heimeside: www.gaular.kommune.no

Gå inn på barnehage på heimesida til Gaular kommune (under oppvekst), og følg lenkja til søknadsskjema der det står **Visma Flyt Barnehage**.

Søknadsfrist: 1. mars.

Føresette som ønskjer å endre plasstorleiken til sitt barn frå august 2019, må også registrere ny plass til barnet sitt innan 1. mars.

På heimesida til Gaular kommune finn de meir informasjon om barnehagane og prisar.

Hovudopptaket for plass ved barnehage 2019 har søknadsfrist **1. mars**.

Dersom søknadar kjem inn etter 1. mars mister barnet rett til plass komande barnehageår.

Alle barn som fyller 1 år seinast 30.11.2019 og som har søkt innan fristen 1.mars, har lovfesta rett til barnehageplass i den kommunen dei er busette i.

For å behalde retten til barnehageplass, må barnet starte seinast den månaden dei fyl eit år.

Barn som får barnehageplass, må vere folkeregistrert i kommunen når dei tek til i barnehagen.

Barn får tilbod om barnehageplass i den krinsen dei er busett i.

På kommunen si heimeside vil du kunne følgje linken under:

<https://barnehage.visma.no/gaular>

Via linken kjem du direkte til innlogginssida i føresettportalen. Du loggar deg inn med elektronisk ID via ID-porten.

Søknad om barnehageplass består av fem trinn, kor du som søkjar må fylle inn informasjon:

Opplysningar om barnet

Kontakt opplysningar om føresette

Velje barnehage: ønska oppstartsdato, barnehage og plasstype

Andre opplysningar

Kontrollskjema

Føresette som ønskjer å endre plasstype vel det barnet som er registrert i Visma Flyt Barnehage, og registerer ønska plass og startdato.

Dersom du har behov for hjelp til å fylle ut søknaden i føresettportalen, kan du ta kontakt med Gaular kommune på telefon 57 71 85 00, eller den enkelte barnehage.

Du kan også kontakte Gaular kommune på: postmottak@gaular.kommune.no